

# Vidare kraftutbygging i Jostedal

Den 18.10 skal Luster kommunestyre ta stilling til ei ytterligare kraftutbygging i Jostedal. Vert planane gjennomførde, vil noverande restvassføring i Vigdøla og vatnet i 8 elvar på vestsida av dalen tek bort frå hovedelva og overført til djupvassutslepp. Etter at planane vart kjende i 1996, har ein i Luster jakt- og fiskelag vore sterkt opptekne av kva dette vil ha å seia for vasstemperaturen og tilhøva for fisken i Jostedøla.

Det ligg føre ei rekke undersøkingar som viser at vasstemperaturen i dag ligg heilt på grensa av det sjøauren treng for at yngel kan veksa opp og at vaksen fisk på veg opp elva kan gå enkle stryk.

For at aureyngel i det heile skal kunna overleva er minimumsgrensa angitt å vera 4°C., optimal temperatur ca. 13°C. For at fisk skal kunna gå enkle stryk er minimumstemperaturen oppgjeven til å vera 5,5°C.

Det ligg føre undersøking av personar tilknytte Universitetet i Bergen som viser at den gjennomsnittlege vasstemperaturen i månadane juli til og med oktober i åra 2003 til 2009 var 5,49°C. ved Alsmo.

Før Jostedalsutbygginga vart det av Statkraft berekna at vasstemperaturen i elva ville stiga med om lag 1°C etter utbygging, etterpå har det vist seg at elva vart om lag 1°C kaldare.

Statkraft si konsekvensutgreiing viser at vert den planlagde utbygginga av Vestsida og Vigdøla realisert, fell temperature ytterlegare om lag 0,5°C om sommaren.

Vår påstand er at tilhøva i Jostedøla er så spesielle at ei utbygging som fører til temperatursenking er rein gambling med ei verdifull sjøaurestamme, og Jostedøla som fiskeelv.

**Luster jakt og fiskelag**  
Styret